

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Videomøte 998290
MØTETIDSPUNKT: 08.12.2022, kl. 15.30 – 17.40

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Clara Beate Gram Gjesdal	Medlem
Ola Jøsendal	Medlem
Hilde Fossmark Helvig	Medlem
Siri Bergsholm Bjørhovde	Medlem
Ragnhild Winum	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Arve Varden	Medlem
-------------	--------

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerande direktør
Ola Rye	Økonomidirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Bernt Flekke	Kommunikasjons- og marknadsdirektør
Tonje Folkvang	Prosjektleiar (deltok under sak 38/22)
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

OPEN DEL

Styreleier vart forseinka og deltok i møtet frå ca. kl 15.50. Nestleiar leia møtet fram til styreleiar var på plass.

Sak 33/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**Oppsummering**

Deltakarar deltok på videosamband på oppsett videomøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

Sak 34/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 17.11.2022**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 17.11.2022

Sak 35/22 Administrerende direktør si orientering

Pkt. 1-3 vart handsame under lukka del av møtet.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 17.11.2022

Sak 36/22 Årleg melding 2022 Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Årleg melding 2022 er Sjukehusapoteka Vest HF sin rapport på oppfølging av dei mål og eigarkrav som framgår av «Styringsdokumentet 2022» frå Helse Vest.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Årleg melding 2022 som Sjukehusapoteka Vest HF sin rapport til Helse Vest på oppdragsdokument 2022, og gir administrerende direktør fullmakt til å implementera i rapporten innspel som kom fram i styremøte og eventuelle oppdateringar som kan kome til etter styrebehandlinga.

Sak 37/22 Revisjon Strategiplan for Sjukehusapoteka Vest HF 2023-2027**Oppsummering**

Arbeid med revisjon av SAV strategi er gjennomført og peikar ut retning for SAV gjennom fire strategiske mål, og underliggende delmål:

1. Sikker og framtidsretta legemiddelforsyning
2. Auka pasienttryggleik på legemiddelområdet
3. Styrka kompetanse og kunnskapsgrunnlag
4. Godt arbeidsmiljø og attraktiv arbeidsplass

Revidert plan vart lagt fram for, og tilslutta, av leiargruppa i Sjukehusapoteka Vest 29.11.2022, samt drøfta med tillitsvalgte 30.11.2022.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek revidert Strategiplan 2023-27 for Sjukehusapoteka Vest HF.

Sak 38/22 Status eindose og eindoseanlegg i Helse Vest

Oppsummering

Det er vedteke etablering av eit regionalt pakkeanlegg for eindose ved Sjukehusapoteket i Bergen. Det går no føre seg nasjonalt innkjøp av pakkemaskiner for eindose, der Helse Vest deltek i konkurransar om kjøp av pakkemaskiner for høvesvis lause tablettar og kapslar, og maskiner for ompakking av tablettar og kapslar på blisterform.

Gjennom arbeidet har det komme opp nokre tilhøve som må avklarast:

1. Prioritet av areal for regionalt pakkeanlegg for eindose
2. Volum og sortiment
3. Løysing for vidare distribusjon
4. Varenummer og strekkodemerking
5. Prismodell/finansiering

Sjukehusapoteka Vest HF vil arbeide vidare for å sikra at desse tilhøva blir klarlagde.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til orientering og ber SAV arbeide for naudsynte avklaringar. Styret ber om oppdatert status til neste møte.

Sak 39/22 Status på IKT-området og arbeid med informasjonstryggleik i Sjukehusapoteka Vest HF

Oppsummering

Saka gjev ei orientering om IKT i SAV og regional samhandling innan digitalisering av legemiddelområdet samt status på arbeid med informasjonstryggleik, herunder leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonstryggleik og arbeid med risiko og fokusområder. I samband med utvikling av ny styringsmodell for digitalisering i Helse Vest er det behov for å utforme korleis digitalisering av legemiddelområdet kan utviklast.

Vedtak (samrøystes)

Styret tar saken om status på IKT-området og arbeid med informasjonsstryggleik i Sjuehusapoteka Vest HF til vitande.

Sak 44/22 Eventuelt**Oppsummering**

Ingen saker blei tatt opp under Eventuelt.

Skriv og meldingar

Brev av 05.09.2022 frå Sjuehusapoteka Vest HF til Helse Vest RHF om høyringssvar –
Nasjonal helse- og samhandlingsplan

Styret sitt kvarter